



Den seine våren har skapt problem også for idrettslaga og det gjeld i høgste grad også UIL som ikkje kjem igang med sesongen på eigen grunn. Og framleis vil det ta ei tid før Heio kan opnast for fotballspel. Men ynskjemålet er i alle fall at opninga kan skje før 17. mai, fastslo dei som hadde møtt fram til dugnad ikveld.

Diverre var det berre 5 som var i aksjon med rivene og no er håpet at det skal møta fram langt fleire på neste dugnad.

Den vert måndag klokka 18.

- Vi er så langt ein måned forseinka, konstaterte leiar Odd Steinar Arnesen i fotballgruppa og banemeister Steinar Haugland minte om at han i fjor slo graset allereie midt i april.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen